

ÅRSRAPPORT

LITTERATURHUSET I BERGEN

20
25



FORMÅL

Formålet til Litteraturhuset i Bergen (LiB) er å formidle litteratur og inspirere til lesning, samt å invitere til debatt og meningsutveksling. LiB har siden åpning i 2013 blitt en viktig kulturinstitusjon som har stor betydning for et lesende, skrivende og samfunnsengasjert publikum i Bergen og omegn. Huset har også vært med på å løfte og samle det litterære miljøet i Bergen.

Et innholdsrikt hus

Litteraturhuset er et mangfoldig hus. I 1. etasje ligger Boksalongen, Litteraturhusets egen bokhandel, og bar og restaurant Bien. Vi har seks arrangementssaler: Auditoriet Trond Mohn, Olav H. Hauge, Amalie Alver, Zinken Hopp, Fosse-stova og Torborg Nedreaas. Disse blir brukt til egne arrangementer og blir også leiet ut til eksterne arrangører. Vi har en skrivestue med tolv plasser som vi låner ut gratis, og vi leier ut kontorer til ulike organisasjoner, som LitFestBergen, NFFO, Den norske Forfatterforening, Norsk Forfattersentrum og VOLT. Vi har også et podcast-studio vi leier ut til en rimelig pris.

Å drifte et helt hus innebærer faste, relativt høye utgifter til husleie, strøm, vedlikehold og annen drift.



Foto: Eivind Senneset



1. ETASJE

Litteraturhuset en uavhengig bokhandel i 1. etasje, Boksalongen, som er organisert som et heleid datterselskap. Uten betydelige bidrag fra morselskapet, vil ikke denne bokhandelen overleve. Bokhandlere har stor betydning for å formidle lesekompetanse og -lyst. Derfor mener vi det er viktig, som et nav i litteraturfeltet i Bergen og på Vestlandet, å ha en god bokhandel med et godt utvalg og kompetente medarbeidere, selv om det ikke er en økonomisk gullgruve.

I 2025 gjorde vi store grep med å bygge om og legge til rette for kafédrift i Boksalongen. I samarbeid med vår samarbeidspartner Colonialen, ønsket vi å få til å legge hoveddøren til Litteraturhuset gjennom Boksalongen. Dette hadde en positiv effekt på boksalget, samtidig viste det seg krevende for Colonialen å stole på at folk ville finne veien inn.

I tillegg til krevende tider for deres drift, valgte de å avslutte samarbeidet på Litteraturhuset i desember 2025. På kort tid fikk vi på plass en ny restauratør i Bien, som ser ut til å fungere godt.





ØKONOMI

Stiftelsen Litteraturhuset i Bergen hadde i 2025 et negativt resultat på 670 735 kroner, mot et positivt resultat på 601 701 kroner i 2024. Dette skyldes hovedsakelig lavere tilskudd og økte drifts- og personalkostnader.

Driftsinntektene falt fra 17,4 mill. til 16,4 mill. kroner, mens driftskostnadene økte til 17,2 mill. kroner. Egenkapitalen ble redusert fra 2,47 mill. til 1,78 mill. kroner, men er fortsatt på et akseptabelt nivå sett opp mot virksomhetens størrelse og risiko. Likviditeten er relativt stabil med bankinnskudd på 1,82 mill. kroner, med bakgrunn i forskutterte gavemidler for 2026 innbetalt i desember 2025. Motposten til dette er en økning i kortsiktig gjeld (periodiserte tilskudd).

Egeninntektene viser positiv utvikling, særlig innen utleie av lokaler og utstyr, som økte til 3,74 mill. kroner i 2025. Billettinntektene holdt seg stabile på 550 000 kroner. Lønnskostnadene økte fra 5,84 mill. til 6,48 mill. kroner, noe som også førte til at pensjonskostnadene økte fra 236 673 til 334 384 kroner. Personalkostnader utgjør om lag 39 % av totale kostnader og er en av stiftelsens største kostnadsdrivere.

Litteraturhuset i Bergen møter et stramt økonomisk bilde de kommende årene. Tilskuddsnivåene fremstår som mer uforutsigbare, mens flere offentlige tilskudd er fallende eller på et lavere nivå enn tidligere. Kostnadsnivået er strukturelt høyt, spesielt innen lokaler og drift, som samlet utgjør over 6,2 mill. kroner i 2025.

Økte lønns- og pensjonskostnader vil legge ytterligere press på driften i 2026. For å opprettholde bærekraften må stiftelsen videreføre arbeidet med å styrke egeninntektene og ha stram styring med kostnadene.

Sentrale utfordringer

- Bortfall av gaveforsterkning uten en reell erstatning, var krevende i 2024. Situasjonen utløste engangstilskudd fra Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og Trond Mohn på totalt kr 2,2 millioner. Disse engangstilskuddene ble ikke tildelt i 2025.
- Sparebanken Vest stod for betydelige tilskudd over flere år, men trappet ned sitt bidrag fra 2024.
- Økte faste kostnader, spesielt lokaler, som alene utgjør 37 % av totale kostnader i 2025.

Litteraturhuset i Bergen arbeider målrettet med å:

- styrke egeninntektene gjennom økt utleieaktivitet og mer publikumsrettet programvirksomhet, uten at det går på bekostning av kunstnerisk kvalitet og innhold.
- kontrollere personalkostnader
- holde investerings- og vedlikeholds nivå moderat og målrettet



*Erik Fosnes Hansen og Tore Renberg
Foto: Cappelen Damm/Marie von Krogh*

Å drive kulturhus i Bergen

Å drive en aktiv og nyskapende litterær kulturarena er ikke mulig uten å motta vesentlige økonomiske bidrag. Det er vanskelig å øke billettprisene for litterære arrangement, og vi ligger helt på grensen av hva publikum er villig til å betale.

For å bøte på strammere økonomi har vi gjort flere tiltak:

Vi nedbemannet, dvs. åpne stillinger har ikke blitt erstattet, og vi har kuttet markedsføringstiltak. Vi har lagt om organiseringen av programarbeidet – der vi tidligere delte programåret inn i fire, har vi nå redusert dette til tre programbolker: vår (mars til juni), høst (august til oktober) og vinter (november til februar). Dette har også vært tidsbesparende, samtidig som det gir god ro til programarbeidet og muligheter til å legge bedre planer for å selge og kommunisere alle arrangementene.

Vi har også valgt å i større grad å invitere vestlandsforfattere heller enn nasjonale forfattere, for å spare reiseutgifter. Internasjonale forfatterbesøk er i all hovedsak knyttet til LitFestBergen (Bergen internasjonale litteraturfestival for sakprosa og skjønnlitteratur).

I tillegg har vi vært bevisste på å knytte til oss ubetalt arbeidskraft: Vi har hatt masterstudent fra Infomedia UiB som hatt praksis på Litteraturhuset, noe som har vært vellykket. Dette er imidlertid relativt ressurskrevende, men det er en fin måte å være i kontakt med universitetet og få nye impulser. Vi driver godt med de midlene vi har, men det er stramt og det er utfordrende.

Dersom vi skal oppfylle vårt formål og intensjon, trenger vi å ha en forutsigbar offentlig finansiering, som gjør at vi både som bransje og hus kan tilby våre kunstnere og våre ansatte skikkelige vilkår, og være den ressursen og den brikken vi er en del av for å bevare lesekompetanse og samhold i samfunnet. Det er fremdeles mange som ikke vet nok om Litteraturhuset i Bergen, og det å kunne bruke mer penger på formidling og kommunikasjon ville bety mye.



PROGRAMARBEID

Alt av Litteraturhuset i Bergen sitt program har sitt utspring i litteraturen, i forteljingar og i det skrivne ordet. Sjølv om det å lese for ein stor del er ei einsam handling, treng vi å samlast for å diskutere den litteraturen vi les, stille spørsmål, få nye perspektiv. Programmeringa vår er gjennomtenkt – og kvaliteten er høg. Dette gjeld alt frå gjennomføring av arrangement, opplevinga til publikum, kommunikasjon og service. Ambisjonen vår er at ein 3-åring på høgtlesing, ein ungdom på skrivekurs, ein student på lesesirkel, ein ung poet som les egne tekstar, ein etablert forfattar i samtale – alle som kjem inn dørene – skal oppleve eit ekte, ope og imøtekomande hus, anten ein er publikum eller den som sjølv står for innhaldet.

Overordna har vi ei breidde i programmet, og for verkeleg å kunne snakke om breidde, må vi også ta med den smale litteraturen, det vi seie: Vi siktar smalt for å treffe breitt. Litteraturhuset i Bergen høyrer også til i lokalsamfunnet, og vi har naturleg nok mange regionale forfattarar på programmet. Samstundes inviterer vi forfattarar også frå andre kantar av landet. Vi avvikler rundt 1000 arrangement årleg, og det er rundt 30 000 gjestar.

Samarbeid

Litteraturhuset i Bergen samarbeider breitt med fleire ulike organisasjonar. Med ein relativt liten stab har vi heile tida vore bevisste på aktivt å invitere ulike aktørar inn på huset for å bidra til breidda og tilbodet i programmet. Vi har ei målsetting om å bidra til forskingsformidling så vel som folkeopplysning. Under følgjer eit lite utval av samarbeid i 2025:

BIFF (Bergen Internasjonale Filmfestival)

Litteraturhuset i Bergen har det siste året kopla seg tettare på BIFF, i form av konkrete samarbeid som under BIFF 2025 der vi samarbeidde om samtalen «Å nærme seg vondskapen – 22. juli på film og TV» med Kjetil Lismoen, Asbjørn Grønstad og Guri Kulås. Og vi har også i større grad brukt og vist film i våre arrangement og samtalar, som td. serien «Film og bok» med Lone Bodot, samt i Klassikar-serien vår.



Debutantfest. I samarbeid med Skrivekunstakademiet inviterer vi kvar haust til ei todelt samling for ni av årets debutantar. På dagtid er dei med på eit fagleg seminar i regi av Skrivekunstakademiet der dei får møte ulike aktørar i det litterære feltet, med foredrag og også gruppearbeid saman med det aktuelle årets skrivekunststudentar på Skrivekunstakademiet. På kveldstid inviterer vi til eit ope arrangement på Litteraturhuset i Bergen der publikum får ein kikk inn i debutantane si verd. Kva tenker dei om å debutere som skjønnlitterær forfattar, om sin eigen skrivemåte og inspirasjonskjelder til så vel tematikk som litterær stil?

Generasjon, aldringsfestival. Festivalen hadde si første utgåve i 2024 og blei gjentatt i 2025: Ein ting har vi til felles – vi blir alle eldre. Med debattar og samtalar, verkstader, oppdatert forskning og kunstopplevingar, set aldringsfestivalen fokus på denne store ressurgruppa i samfunnet. Anna Helle-Valle er initiativtakar, og mottok i 2024 Norsk publikumsutvikling sin pris Årets brobygger.

Klassikaren er ein fast serie der vi i stor grad brukar vitskapeleg tilsette ved Universitetet i Bergen samt Høgskulen på Vestlandet, samt forfattarar, kritikarar og omsetjarar. Dette er ein serie med samtalar eller foredrag om sentrale verk i verdslitteraturen. Ved å legge til rette for at ulike institusjonar kjem ut av eigne lokaler og inn på Litteraturhuset, bidrar vi også til at bergenserne blir betre kjende med sin eigen by og de ulike miljøa byen husar.



Debutantfest 2025.



Klassikarar i 2025 var m.a. foredrag om Jane Austens Stolthet og fordom av professor i engelsk litteratur ved Universitetet i Stavanger Janne Stigen Drangsholt, foredrag om Virginia Woolfs Mrs. Dalloway ved professor emerita i litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen Ellen Mortensen, den skeive Ludvig Holberg ved professor i nordisk litteraturvitskap Jørgen Sejersted og i samband med 150-årsmarkeringa for Thomas Manns fødsel heldt Wolfgang Hottner, professor ved litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen, eit foredrag om den tyske forfattaren og klassikaren Buddenbrooks. En families forfall.

Kritikarseminar. For litteraturkritikarar har det fram til nyleg berre vore eitt årleg fagleg og sosialt møte, Kritikarseminaret på Lillehammer, i regi av Norsk kritikerlag og arrangert i samband med Norsk Litteraturfestival. I 2021 etablerte Litteraturhuset i Bergen eit årleg kritikarseminar i samarbeid med Norsk kritikerlag for å styrke nettverket mellom kritikarar og styrke Vestlandet sin posisjon i den litterære offentlegheita.

Frå og med 2024 har kritikarseminaret blitt lagt til februar i samband med LitFestBergen. Slik kan kritikarar få nytte og glede av både eit kritikarseminar og festivalens internasjonalt orienterte og svært gode program. Under LitFestBergen 2025 var temaet for kritikarseminaret «Poesiens forplikting og fallgrav. Kritikkk, lesing og gjendikting av poesi.»

OVERSYN PROGRAM 2025

Under følgjer eit oversyn over gjennomført program i 2025. Tidlegare har programåret vore delt inn i fire bolkar, men nytt i 2025 var at vi delte årshjul delt inn i tre: vinter (november-februar), vår/sommar (mars-juli) og haust (august-oktober). Vi har allereie fått stadfesta at ein meir langsiktig programhorisont gir betre rom for planlegging og kommunikasjon, og slik også ein meir føreseieleg arbeidskvardag i ein nedbemanna administrasjon.

Aktuell debatt

Vi set av tid i kalenderen til å sette eit dagsaktuelt tema under debatt. Vi vil arbeide for samarbeid med lokal presse, m.a. «The Tru(mp)man Show» med Hilde Sandvik, Morten Traavik og Jens Kihl, debatt om universitetets rolle i samfunnet i dag med m.a. Hans Jacob Oheldick, og dessutan debatt om stortingsvalet 2025.



Afrikansk litteraturhistorie

Nafessa Nichols og Vanessa Etondi driv kunnskapsrikt opplysningsarbeid om den mangslungne litteraturen som skriv seg frå det afrikanske kontinentet, m.a. med samtalen «Afrikansk litteraturhistorie: den muntlige litteraturen.» I samarbeid med Litteraturhuset i Bergen hadde vi i denne serien også besøk av den kamerunske forfatteren Djaïli Amadou Amal som snakka med Vanessa Etondi på scenen på Litteraturhuset i Bergen.

Bok og film

Lesesirkelveteran, kritiker og tidlegare film lærar Lone Bodot leier samtaler om filmar basert på bøker. Korleis tolkar vi ein film mens vi ser den, og korleis snakkar vi om filmen etterpå? Kva er eigentleg skilnaden på å lese ei bok og å sjå ein film, og kva er likt?

Debutantfest

Litteraturhusets storsatsing på ny, norsk litteratur. I samarbeid med Skrivekunstakademiet inviterer vi debutantane til eit skriveseminar på dagen og publikum til eit møte med heile ni debutantar på éin kveld, med opplesingar, samtalar om poetikk og korleis det er å debutere. Dei ni inviterte debutantane var: April Alexandersdottir, Jacob Semb, Frida Fliflet, Nina Bjordal, Andreas Øverland, Inger Lensol, Hamreet Kaur, Lars Lillehagen og Mette Paust-Andersen. Kveldens konferansier var forfattar og filmskapar Dag Johan Haugerud.



Bok og film: Stargate - en julefortelling



Forbrytelse, straff, soning, tilgivelse

Krimforfatter Chris Tvedt har vore tett på brotverk heile sitt vaksne liv – først som politijurist, deretter som strafferettsadvokat og til sist som forfatter. Med utvalde gjester tenker Tvedt høgt rundt spørsmål som: Kven blir lovbrutar? Kvifor straffar vi? Korleis er det å sone? Og ikkje minst – kva kjem etterpå; tilgiving eller gløymsele? Gjester i 2025 var sokneprest i Årstad menighet Anna Bæckstrøm Hovda, Eirik Stolt-Nielsen, førsteadvokat i Hordaland og journalist og forfatter Simen Sætre som var aktuell med boka Gåten Arnfinn Nesset. Tvedt hadde også besøk av Odd Isungset som i 2025 var aktuell med boka Dei fordømde karikaturane.

Formiddagsmat – foredrag om det som ligg rett framføre deg

Ei foredragsrekke med forelesningar på dagtid, utvalde onsdagar kl. 12:00. Billettprisen er låg, og på billetten får du ein kopp kaffi eller te.

Klassikaren

Foredrag og samtalar om verk i verdslitteraturen. Sjå info tidlegare i rapporten.

Kritikarseminaret i Bergen

Årleg hending som henter landets kritikarar til Bergen, i samarbeid med Norsk kritikerlag og LitFestBergen. Førmålet er å samle kritikarar til eit fagseminar der tema varierer frå år til år samt å styrke nettverket mellom kritikarar og styrke Vestlandet sin posisjon i den litterære offentlegheita. Kritikarseminaret i Bergen blir lagt til LitFestBergen for slik å kople kritikarar på festivalen og festivalen på litteraturkritikken.

Kunnskapslitteratur / SAK #STEDET

Serie i samarbeid med førsteamanuensis i sakprosa, Iben Brinch, Universitetet i Bergen. Foredrag av Øystein Hellesøe Brekke om boka Kontoret. Hanseatenes historie og av William Helland-Hansen om boka Landskapet forteller.

Kvinner i kunsten

Professor emeritus i kunsthistorie Gunnar Danbolt held foredrag om kvinnelege kunstnarar gjennom historia, men også nolevande. I 2025 hadde vi foredrag om Zdenka Rusova, Else Hagen, Ragnhild Keyser, Charlotte Wankel og Ragnhild Kaarbø.



Lesesirkel for samtidslitteratur, feministisk lesesirkel, internasjonal lesesirkel og lesesirkel for poesi

Månadlege møte med faste samtaleleiarar: Eivind Riise Hauge (samtidslitteratur), Kjersti Aarstein og Lone Bodot (feministisk), Kari Jegerstedt (internasjonal) og Henning Bergsvåg (poesi).

LitFestBergen 2025

Bergen internasjonale litteraturfestival (LitFestBergen). LitFestBergen er ei eiga stifting, men Litteraturhuset i Bergen samarbeider tett med festivalen og støttar den også økonomisk. Kvart år presenterer festivalen eit breitt utval av forfattarar frå alle kontinent. Programmet er på norsk og engelsk med innslag frå andre språk. Rundt 100 forfattarar av sakprosa og skjønnlitteratur og andre kunstnarar blir presenterte i løpet av fem innhaldsrike dagar. Tema for LitFestBergen 2025 var «Sanning».

LittKviss

Litteraturquiz. Henning Bergsvåg er fast quizmester, første tysdag i månaden.



Foto: Eivind Senneset



Lyrikksalong

Boksalongens månedlege forum for lyrikk. Poetar, akademikarar, gjendiktarar, musikarar og leserarar blir invitert til samtale om poesi og skrivning med historikar, litteraturformidlar og forfattar Fredrik Hagen. I februar 2025 markerte Lyrikksalong sitt 10-årsjubileum med eit ekstraarrangement om den norske poesien dei siste 25 åra. Gjester: Endre Ruset og Eira Søyseth. Andre Lyrikksalongar i 2025: Det antikke i samtidsdiktet med Tone Hødnebo og Pedro Carmona-Alvarez, Haiku før og no med Ika Kaminka, og Lyrikksalong om Casper André Lugg, med Lugg og Katrine Heiberg.

Lyrisk kvarter

Poesipodkast med Frode Helmich Pedersen og Jørgen Sejersted. I februar 2025 hadde Lyrisk kvarter også en sceneversjon av podkasten med gjest Anngjerd Rustand.

Poesiåret

Årleg oppsummering av poesiåret i januar. Eit panel på fire kritikarar går gjennom årets utgivingar av poesi og diskuterer kva som var den beste poesien som blei utgitt det føregåande året. Og finst det nokre særskilte tematiske eller estetiske straumdrag i den aktuelle poesien? Dette ble arrangert 16. Januar 2025 og deltakarar var Frode Helmich Pedersen, Sigrid E. Strømmen, Daniel Ginsby, og fast samtaleleiar Fredrik Hagen.

Poetry Night

Ein kveld i poesiens teikn der alle er invitert til å dele ei oppleving av poesi, anten ein vil framføre sin eigen tekst, andres eller berre lytte. Alle språk er velkomne. Månadeleg arrangement leia av slampoet Henrikke Meidell og multimediamkunstner og poet A Frances Kormpala.

Sa ka la – opplesingar

Sa ka la, sa Jon Fosse, da han i 2004 skulle namngje teaterstykket sitt om kva som skjer når mennesket mistar språket. Det må vi ikkje miste! Opplesningen forblir viktig for norsk litteratur, og det finnes mange unge og spennende stemmer i Bergen by. I denne serien tar Mats Tønjum Alfsen med seg fire unge skribentar frå rundt om i Bergen og Norden for å lese eigen poesi og prosa. Kvar kveld har sin æresgjest – ein meir etablert forfattar.

Æresgjestar i 2025 var: Pedro Carmona-Alvarez, April Alexandersdottir, Frode Grytten, Ingvild Lothe, Morten Langeland, Sandra Lillebø, Leander Djønne, Sivert Nesbø, Mira Hussain, Yngve Pedersen og Eli Fossdal Vaage.



Salong

Litteraturhuset i Bergens faste serie om psykologiens verd. Salongen tar for seg store tema innan psykologifaget, både fagspesifikke og meir allmenne, og utforskar dette med gjester. Kuratert i samarbeid med Universitetet i Bergen og fast samtaleleiar Jon Vøllestad. Gjester i 2025 var Aurora Jacobsen Evenshaug, Petter Bae Brantzæg (om KI og psykoterapi),

Symposium

Samarbeid med Salongen – nettidsskrift for filosofi og idéhistorie, med minimum eitt arrangement per kvartal. Saman ønskjer vi å løfte den filosofiske samtalen i Noreg. Med både lokale og internasjonale gjestar inviterer vi til ein open og begeistra diskusjon. Symposium i 2025: Fascisme med Øyvind Strømmen og Gisle Selnes, Kjønn- og kjønnsidentitet med Sophie-Grace Chappell og Pleasure Until Death. On Epicurean Philosophy in the Poetry of Lucretius med Jane Cooper.

TangoFest 25

19.-22. september inviterte vi til tangofestival med konsertar, foredrag, workshops, milonga, utstilling, jam sessions, barneaktivitetar og meir. Festivalen hedra Carlos Gardel, den mest innflytelsesrike songaren i tangohistoria, og hadde også som føremål å utforske tangoen sine ulike kulturelle og litterære aspekt. Festivalen var eit samarbeid mellom Litteraturhuset i Bergen, CANTA, Cine Latino, Les Bones Dones Forlag, Folkemusikkklubben Columbi Egg, Bergens Tekniske Museum og Tango Abrazo.





Unge forskarar: Nordisk litteraturvitskap

Samarbeid med professor i nordisk litteratur ved UiB Christine Hamm for å formidle litteraturforskning på mastergradsnivå. Blir arrangert éin gong i året, i form av eit miniseminar på kveldstid som er ope for alle. Gjennom det årlege miniseminaret får studentane høve til å øve seg i å formidle litteraturforskning, som no er ein obligatorisk del av studieløpet på masternivå. Vi på vår side tilbyr publikum kunnskap om og innblikk i relevant og interessant litteraturforskning som spelar saman med den litteraturformidlinga vi har både som oppgåve og ambisjon om å gi.

Utenriks

Kunnskap og innsikt om verden gjennom møter med aktuelle forfattere. Fast samtaleleder var Anders Magnus. Gjester i 2025: Yama Wolasmal. Denne serien har gått ut, men er blitt erstatta med meir frittstående arrangement, td. samtale mellom Ole Torp og Roger Sevrin Bruland om Brulands tid som NRK-korrespondent og knytt til boka hans Team Berlin. Europa-korrespondenten 2019-2023.

Vi hører sammen

Inspirert av Classic Album Sunday-konseptet, blir ein ny person invitert til å fortelle om sitt yndlings(vinyl)album, éin måndag i månaden. Den inviterte held først eit føredrag om kva dette albumet betyr personleg, deretter blir vinylplata spelt, mens vi alle hører på saman. Arrangementet inviterer til fellesskap og ein får i tillegg moglegheit til å bli innvigd i ny musikk eller til å få eit nytt blikk på musikk ein kjende frå før. Foredrag i 2025: Marit Eikemo, Kristoffer Vassdal og Kjetil Kopren Ullebø.

sidespor til mellom anna Balkan, Thailand og Nordfjord.



TEAM BERLIN

Roger Sevrin Bruland: Team Berlin.



BARN OG UNGE

Lillelørdag

Litteraturkafé for familien kvar laurdag. Vi riggar eit lokale med barnebøker, teiknesaker og ein serveringsstasjon med saft og risgrøt. Kvar halvtime er det høgtlesingsstund.

Lillelørdag: Forfattartreff

Ei utviding av programmet på litteraturkaféen. Forfattartreff for småbarnsfamiliar, der barnebokforfattarar kjem på besøk for å lese høgt og vise bilde frå bøkene sine og gjere verkstadaktivitetar med borna. I 2026 fekk vi besøk av Annika Linn Verdal Homme og Sanaa Aoun.

Lillelørdag: Framsyningar

På barneprogrammet har vi òg teater, musikk og større framsyningar. I 2025 inviterte vi til *Småtrall*, konsert og allsang med Øygarden kulturskulekor.

Lillelørdag: Temafestar

I 2025 var det 80 år sidan den første boka om Mummi kom ut. Vi feira med Mummi-fest med teikning og andre aktivitetar, høgtlesing, pynt og lett servering. I anledning Pride inviterte vi til sommaravslutning med Prinsessefest for alle. Som ein del av TangoFest i september, dedikerte vi eit eige Tango-rom til dei minste, med song, matverkstad, lesing og teikning. Under festivalen Mobile Worlds, ei utforsking av berekraftig og inkluderande reise og mobilitet, inviterte vi til Lillelørdag x Mobile Worlds.

Lillelørdag: Verksted med Leseplaneten

I samarbeid med barnebladet *Leseplaneten*, inviterte vi til to verkstader i 2025 – bokmakerverkstad og juleverkstad.

Lillelørdag: All verdas eventyr

Gjester med ulik geografisk og kulturell bakgrunn blir inviterte til å fortelje eventyr frå heimlandet for publikum (familieprogram). Målgruppa er småbarnsfamiliar, og særskilt småbarnsfamiliar med multikulturell bakgrunn. Framføringa vil føregå på fleire språk for å gjere det tilgjengelig for alle som vil delta, uavhengig av morsmål. I september 2025 hadde vi All verdas eventyr: Syria med forfattar Sanaa Aoun.

Lillelørdag: Vitskap

Vi har også arrangement med forskingsformidling for barn – om til dømes vatn, skogen og livet under vatn. I 2025 feira vi Breens år med geolog Jostein Bakke, som tok barna med på ei reise tilbake til istida, for å utforske ei verd av is, stein og stor natur.

Skrivegruppe for unge

Våren 2025 engasjerte vi forfattar og antropolog Magnus Harding til å leie ei skrivegruppe for unge i alderen 18-25 år. Tilbodet var gratis, og gjennom åtte samlingar våren 2025 fekk deltakarar, gjennom kreativ skiving, styrkt forankringa i seg sjølv og i verda. Deltakarane fekk skrive, lese og dele tekstar med kvarandre, som ein eksistensiell undersøkingsmetode, og dermed utvikle skriveevnene sine.

Hardings tilnærming til å jobbe med kreative skrivegrupper er både akademisk og praktisk. Han har gjort feltstudier i kreative skrivegrupper for psykisk sårbare, samt fasilitet skrivegrupper for unge. Den viktigaste oppgåva er å skape eit rom som er roleg og varmt, ope og fritt – og å skape tryggleik og sjølvtilitt i kvar einskild skribent. Då kan det oppstå ein gruppedynamikk som inspirerer og utvidar deltakarane si forståing av seg sjølv, av verda og av kva dei kan få til som skrivande. Kurset ble godt mottatt og hadde 12 deltakarar gjennom åtte veker.





SAMTALAR PÅ SCENEN

Skjønnlitteratur

I januar 2025 inviterte vi til Nordisk fest til ære for Gunnhild Øyehaug 50 år. Gjester var Marie Lundqvist, UKON og Catharina Gripenberg med forlegger Bjørn C. W. Aagenæs som konferansier. Elles har vi hatt litterære scenesamtalar med Vigdis Hjorth og Line Norman Hjorth, Ingvild Holvik og Olaug Nilssen, Dag Johan Haugerud og Erlend Loe, Leander Djønnne, Nina Lykke, Agnes Ravatn, Rune Christiansen, Emely Benedicte Kahrs samt samtale om Gabrielle Zevins roman *I morgen og i morgen og i morgen* med utgangspunkt i spørsmålet «Er gaming virkelighetsflukt?»

For å opne og markere programmet for hausten 2025 inviterte vi litteraturavisa BLA til Bergen for å snakke om motkulturelle krefter og kjendisar, samt at BLA relanserte BLA-podden. Forutan redaktørane Eilif Guldvog Hartvedt og William S. Mørch var gjestene Fredrik Hagen og Helle Linderud. På arrangementet relanserte også Norsk forfattersentrum Vestland opplesingsserien «Kort og godt», og gjestene var Cecilie Løveid, Pedro Carmona-Alvarez, Gunnar Staalesen og Tilde Strand Bogen som las egne tekstar.

Sakprosa

Av sakprosaarrangement hadde vi m.a. foredrag med Arill Riise om boka *Der ingen var einsam. Klyngetunet som vart utsletta*, foredrag med Maria Lavik om boka *Odelsskam. Å gje slepp på ein gard etter femten generasjonar*, samtale med Solveig Mork Holmøyvik og boka *Ro deg ned! Om kvinner, sinne og solidaritet*, Siri Lindstad om boka *På Spøkelsessiden. Skeive liv 1945-1952*, og arrangement med Dag O. Hessen i samarbeid med Tekstallinsen om å skrive sakprosa. Vi arrangerte også ein debatt i samarbeid med Barneskritikk om kjendisar har ein fasttrack til forlagsfatet. Vi hadde også besøk av den svenske journalisten Lisa Röstlund som i 2025 var aktuell med boka *Norgeparadoxen. En granskning av det goda landets svarta baksida* og av den tysk-franske kulturjournalisten og forfattere Annabelle Hirsch som var aktuell med boka *Kvinneting – historien i 1010 gjenstander*.



Vi hadde også stor suksess med serien vår Jakten på vestlendingen, leia av professor i historie ved Høgskulen på Vestlandet Morten Hammerborg: Jakten på Nordfjordingen (20. februar 2025 med Sigrid Moldestad og Roger Sevrin Bruland), Jakten på vossingen (29. april med Linda Eide og Gudmund Skjeldal) og Jakten på sunnmøringen (16. september med Runar Gudnason og Gunnhild Øyehaug). Finalen i serien blei arrangert 12. desember: Jakten på vestlendingen: Er bergenseren vestlending? med gjestene Frode Helmich Pedersen og Monica Mæland. Heile serien ligg ute som podkast hos Litteraturhuset i Bergen.

NYE SAMARBEID I 2026

Festspillene i Bergen

I 2026 skal vi samarbeide med Festspillene i Bergen og knytte programmet på Festspillen til somme av våre faste seriar: Litterær samtale med Arne Lygre (med urpremiere på Lygres stykke Vær meg fremmed under Festspillene), Klassikaren om Tristan og Isolde, Lyrisk kvarter om tysk romantikk i poesien, Diskodrøv med Lars Vaular og Salong om Hamlet.

Rett på sak

Serien Rett på sak, et samarbeid med Advokatforeningen, var ein svært populær serie i fleire år før pandemien. Vi har no ein avtale med advokat Harald Alfson om å ta opp igjen denne serien, med ny start frå mars 2026.





Varmere Våtere Villere

Årleg klimafestival i Bergen som legg til rette for ein tilgjengeleg og engasjert klimadebatt gjennom foredrag, samtalar, debattar, filmvisingar, live show, wokshops, forfattarsamtalar, kunstutstillingar og konsertar. I mars 2026 legg Varmere Våtere Villere festivalen til Litteraturhuset i Bergen. Eit av samarbeidsprogramma er «Fiendtlige landskap i litteraturen» med Steinar Opstad og Anna Kleiva i samtale om korleis fiendtlege landskap og bakanforliggende klimaendringar pregar bøkene deira. Samtaleiar er Margunn Vikingstad.

Ukraina – serie om ukrainsk litteratur og samfunnsliv

I samarbeid med Universitetet i Bergen og professor i russisk språk og litteratur Ingunn Lunde ønsker Litteraturhuset i Bergen å arrangere ein serie samtalar og foredrag om Ukraina-relatert tematikk. Ved å trekke inn ulike aktørar i næringsliv, fagmiljø, forvaltning og frivillig sektor vil denne serien auke kunnskapen om Ukraina i det norske samfunnet og bidra til eit meir informert offentleg ordskifte om Ukraina i Noreg. Programmet vil bli realisert hausten 2026.

Appendiks vedr programarbeidet på Litteraturhuset i Bergen

Som eit resultat av at vi legg lista høgt i programarbeidet vårt, har fleire av arrangementa som har starta på Litteraturhuset i Bergen, blitt eksportert ut av Bergen: Kritisk kvartett og Rett på sak reiste rundt på gjestebesøk til ulike litteraturhus og festivalar. I tillegg har NRK sendt Kroppen for voksne som radioprogram, Ut med språket blei til Eides språksjov, Norsken, svensken og dansken med Hilde Sandvik er blitt ein fast radioserie, og Litteraturhuset i Bergen leverer stadig innhald til Debatten i P2. Vi er stolte av å bidra til å sette agendaen i nasjonale medier – og samarbeide internasjonalt:

I 2024 blei Litteraturhuset i Bergen invitert av BBC til å vere arena for deira tradisjonsrike og prestisjefulle “The Reith Lectures”. Dette er ei rekke førelesingar med framstående forskarar på sitt felt. John Reith var BBCs grunnleggjar og tok oppdraget som allmennkringkastar på alvor ved å initierte denne faste førelesingsrekka. Kvart år sidan 1948 har det blitt halde fire førelesingar i løpet av det gjeldande året, og 20. november 2024 blei det siste av i alt fire føredrag spelt inn på Litteraturhuset i Bergen.. Rettspsykiater Gwen Adshead var årets foredragshaldar med overordna tema «Four Questions About Violence». Foredraget på Litteraturhuset i Bergen, som var årets siste, hadde tittelen «Can We Change Violent Minds?» Den er tilgjengeleg på BBC.



ENKELTARRANGEMENT PÅ HUSET

Litteraturhuset avviklet totalt **726** arrangementer i 2025.

Av disse var **405** møter og arrangementer på Litteraturhusets redaksjonelle program. **87** arrangementer ble gjort i regi av Bergen Internasjonale Litteraturfestival, hvor Litteraturhuset står som største samarbeidspartner. Mange av arrangementene er samarbeidsarrangement.